



Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 29.10.2014

Arkivk.: styret/møter/protokoll/13-15

PROTOKOLL FRÅ MØTE NR. 07 I SKIKRINSSTYRET, 2013-2015

Stad: Skei, Skei Hotell
Tidspunkt: Onsdag 29. oktober, kl. 17.00-17.45

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 82 13-15 **SFSK LK-protokoll nr. 03 13-15**
SAK 83 13-15 **SFSK AK-protokoll nr. 06 13-15**
SAK 84 13-15 **SFSK økonomi- og markedsnemnda protokoll nr. 02 13-15**

RAPPORTERING

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 85 13-15 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
SAK 86 13-15 **Godkjenning av av protokoll frå styremøte nr. 06 13-15**
SAK 87 13-15 **Etablering av Team Veidekke Vest**
SAK 88 13-15 **Spelemidler til prepareringsutstyr - langrenn**

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

TIL STADES: Inge Fænn, Anders Felde, Hallvard Nygård, Gunnar Fannemel, Lilly Schøyen, Arthur Hegrenes og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Reidun Hegrenes, 1. varamedlem Asle Sande

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 82 13-15

SFSK LK-protokoll nr. 03 13-15

Bakgrunn

Langrennskomiteen sin protokoll nr. 03 13-15 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK

Teke til orientering

SAK 83 13-15

SFSK AK-protokoll nr. 06 13-15

Bakgrunn

Alpinkomiteen sin protokoll nr. 06 13-15 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 84 13-14

SFSK økonomi- og markedsnemnda protokoll nr. 02 13-15

Bakgrunn

Økonomi- og markedsnemnda sin protokoll nr. 02 13-15 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK

Teke til orientering.

RAPPORTERING

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 85 13-15

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste

SAK 86 13-15

Godkjenning av protokoll frå styremøte nr. 06 13-15

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 06 13-15 er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå styremøte nr. 06 13-15.

SAK 87 13-15

Etablering av Team Veidekke Vest

Bakgrunn

Seniorutøvarar i langrenn i Sogn og Fjordane, Hordaland samt Agder og Rogaland har i dag eit avgrensa tilbod frå skiforbundet eller respektive kretsar for å kunne satse vidare på topp-nivå etter endt vidaregåande skule. Med mindre utøvarane har eit nivå som kvalifiserar dei for junior- og seinare seniorlandslag. For mange kretsar betyr dette ein fare for at ein mistar sine beste utøvarar ved at dei sluttar eller flyttar til andre kretsar. Dette ynskjer langrennskomiteane i respektive kretsar å forhindre gjennom etablering av eit regionalt tilbod – Team Veidekke Vest.

Langrennskomiteane i Sogn og Fjordane, Hordaland samt Agder og Rogaland Skikrets har difor (etter samråd med NSF) etablert ei styringsgruppe i tillegg til ei arbeidsgruppe som har fått i oppdrag å utgreie moglegheitene for etablering av Team Veidekke Vest. Føremålet med etableringa er å sikre eit tilbod på toppnivå til langrennsutøvarar frå nemnde kretsar.

Målet for arbeidsgruppa er å utarbeide eit grunnlag for beslutning til styringsgruppa, samt arbeide med satsinga fram til den er operativ.

Ei av dei store utfordringane til arbeidsgruppa er å utarbeide eit økonomisk grunnlag for satsinga, dvs. ein plan som inneheld ein konkret finansieringsplan, herunder finne sponsorar, og avklare kva kretsane sjølv kan bidra med av økonomiske ressursar for å utløse sentrale midlar.

Skiforbundet har på si side signalisert ei årleg økonomisk støtte til etableringa med ca. kr. 800 000 – 1 000 000,- (dette gjennom samarbeidsavtalen som skiforbundet har med Veidekke).

På den andre sida forpliktar kretsane seg til ei årleg finansiering på kr. 500 000,-. Dette kan finansierast gjennom markedsinntekter, eigendelar frå utøvarar, eigendelar frå klubb og/eller eigendelar frå krets.

I samband med skiforbundet sitt Haustmøte på Gardermoen 17.-19. oktober 2014 signerte kretsleiarane for Sogn og Fjordane, Hordaland samt Agder og Rogaland ein intensjonsavtale for det vidare arbeidet.

Ein understrekar at avtalen ikkje er juridisk eller økonomisk bindande, og at styreleiar har signert intensjonsavtalen under føresetnad av godkjenning i Skikrinsstyret.

Signert intensjonsavtale er vedlagt

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at intensjonsavtalen for det vidare arbeidet er godkjent.

SAK 88 13-15

Spelemidlar til prepareringsutstyr - langrenn

Bakgrunn

Viser handsaming av saka pr. e-post.

Ref. Norges Skiforbund (NSF) si ordning om spelemidlar til prepareringsutstyr for langrennsløyper

I Sogn og Fjordane er det komt inn seks søknader, og det er søkt om i overkant av 1,2 millionar kroner.

På landsbasis er det tilsaman 71 søkjarar, og ein total søknadssum på ca. 13 millionar kroner.

Fristar

Skikretsane innstiller klubbane sine søknader i prioritert rekkefølge til NSF innan 12. oktober.

NSF gjev beskjed til klubbane om tildeling innan 20. oktober.

VEDTAK

Basert på handsaming pr. e-post i oktober 2014.

I samråd med leiar i anleggskomiteen og administrasjonen gjer Skikrinsstyret følgjande prioritering av innkomne søknader.

1. Eid IL, skigruppa

Kontaktperson; Reidar Hunvik
Bearbeida søknadssum; kr. 150 000,-

Kva søker ein om?

Skigruppa ynskjer å kjøpe seg inn i trakkemaskina til Ove Bjørlo, slik at skigruppa sjølve kan disponere maskina i større grad enn tidlegare. Dette vil gjere det enklare for laget å legge forholda betre til rette for born og unge som vil utøve langrennsporten.

2. Vik IL, skigruppa

Kontaktperson; Anne Jorunn Fjærestad
Bearbeida søknadssum; kr. 180 000,-

Kva søker ein om?

Spelemidlar til kjøp av prepareringsmaskin i laget

3. IL Vetten

Kontaktperson; Olav Nyberg
Bearbeida søknadssum; kr. 300 000,-

Kva søker ein om?
Støtte til kjøp av ei brukt prepareringsmaskin og nye hydrauliske sporsettarar.

4. Stårheim/Haugen IL

Kontaktperson; Nils Magne Nedreberg
Bearbeida søknadssum; kr. 300 000,-

Kva søker ein om?
Innkjøp av ny prepareringsmaskin.

5. IL Fanaråk/ Sognefjellet Sommarskisenter

Kontaktperson; Anders Fortun
Bearbeida søknadssum; kr. 300 000,-

Kva søker ein om?
Prepareringsmaskin m/ breidde 3,10 m (Prinot 2014).
Maskina er kjøpt inn i 2014.

Syril IL

Kontaktperson; Eivind Brendehaug
Bearbeida søknadssum; kr. 0,-

Kva søker ein om?
Rulleski og rulleskistavar.

Merknad;
Søknaden er ikkje godkjent

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

Neste møte i skikrinsstyret er fastsett til måndag 08. desember 2014.
Møtet vert avvikla ved Skei Hotell frå kl. 17.00-21.00.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 82 13-15 SFSK LK-protokoll nr. 03 13-15
--

PROTOKOLL NR. : 03 i tingperioden 2013-2015

FRÅ : Langrennskomiteen

STAD/DATO : Skei, 04. september 2014

TIL STADES : Arthur Hegrenes, Oddmund Lefdal, Jo Inge Skålbones og Yngve Thorsen (adm.)

FRÅFALL : Torunn Grut og Eivind Skaar

ANDRE OPPL. : Krinslagstrener Asgeir Årdal var kalla inn til møte i samband med *Sak 22 og 23*, men hadde ikkje høve til å møte.

REFERENT : Yngve Thorsen

SAKER :

Sak 21 13-15 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15

Sak 22 13-15 Ambulerande trenar 2014-2015

Sak 23 13-15 Orientering om krinslagsaktiviteten 2014-2015

Sak 24 13-15 Arbeid med etablering av Team Vest

Sak 25 13-15 Møteplan Langrennskomiteen 2014-2015

Sak 26 13-15 Terminliste 2014-2015

Sak 27 13-15 Status Handlingsplan 2013-2014

Sak 28 13-15 Handlingsplan 2014-2015

Sak 29 13-15 Markedsarbeid 2014-2015

Sak 30 13-15 Rekneskap pr. 27.08.2014

Eventuelt

Sak 31 13-15 Haustmøtet 2014

Sak 21 13-15 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15

Bakgrunn

Innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15 er utsendt på førehand.

Vedtak

Langrennskomiteen godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 02 13-15.

Sak 22 13-15 Ambulerande trenar 2014-2015

Bakgrunn

Vinteren 2014 la langrennskomiteen til rette for prosjektet «Ambulerande trenar» med Asgeir Årdal som trenar.

Intensjonen med prosjektet er å samle utøvarar i alderen 13-16 år til felles trening i skikrinsen sine tre soner.

Vinteren 2014 la ein til rette for sonetreningar i Nordfjord og Sogn slik;

- Sogn: Onsdag 04. desember 2013
 Onsdag 18. desember 2013
 Torsdag 09. januar 2014
 Torsdag 06. februar 2014
 Onsdag 26. februar 2014
 Torsdag 20. mars 2014

- Nordfjord: Tysdag 03. desember 2013
 Tysdag 17. desember 2013
 Tysdag 14. januar 2014
 Tysdag 04. februar 2014
 Tysdag 25. februar 2014

Følgjande skigrupper var del av prosjektet 2013-2014;
Hafslo IL, Syril IL, Sogndal IL, Luster IL, Årdalstangen IL, IL Bjørn,
Kaupanger IL, Markane IL, Eid IL, Fj./ Vereide IL og Breimsbygda IL.

Det vart ikkje lagt til rette for sonetrening i Sunnfjord.

I det vidare arbeidet med prosjektet ynskjer langrennskomiteen å fortsette samarbeidet med Asgeir Årdal på trenarsida, og at ein legg til rette for sonetreningar (etter same modell som vinteren 2014) f.o.m. oktober 2014.

Vedtak

I samråd med Asgeir Årdal, gjer komiteen vedtak om å vidareføre prosjektet sesongen 2014-2015.

Ein gjer vidare vedtak om at prosjektet vert starta opp igjen primo oktober.

Med bakgrunn i utviding av konseptet gjer komiteen vedtak om å auke laga sin eigendel frå kr. 1 500,- til kr. 3 000,-.

Sak 23 13-15

Orientering om krinslagsaktiviteten 2014-2015

Bakgrunn

Krinslagstrenar Asgeir Årdal hadde ikkje høve til å delta på møtet.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte i komiteen.

Sak 24 13-15

Arbeid med etablering av Team Vest

Bakgrunn

Leiar orienterte komiteen om arbeidet med etablering av Team Vest:

- intensjon og målsetjing med Team Vest
- møteplan

- Einar Tefre (Førde IL) er knytta til prosjektet som ressursperson på vegne av langrennskomiteen i Sogn og Fj. Skikrins
- målgruppe for teamet (U23)
- tal utøvarar i teamet er 10-12 stk.
- utøvarane sitt sportslege nivå

- framdriftsplan
- økonomi/budsjett
- markedsarbeid (barteravtalar m.m.)

Vedtak

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

Sak 25 13-15

Møteplan Langrennskomiteen 2014-2015

Bakgrunn

Leiar gjer saman med adm. sjef framlegg om at komiteen skal fastsette møteplan for sesongen 2014-2015.

Vedtak

Komiteen gjer vedtak om følgjande møteplan sesongen 2014-2015:

- Haustmøte; Skei Hotell, 29. oktober 2014
- Møte langrennskomiteen; Skei Hotell, 17. november 2014
- Møte langrennskomiteen; Skei Hotell, 09. februar 2015
- Møte langrennskomiteen; Skei Hotell, 13. april 2015
- Skikrinstinget og Vårsmøte; Tid og stad vert fastsett av Skikrinsstyret

Sak 26 13-15

Terminliste 2014-2015

Bakgrunn

Rammene for terminlista 2014-2015 vart lagt fram på Vårsmøte 2014. Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga 01. juli, med svarfrist 01. september 2014

Pr. 01. september er det komt inn følgjande innspel til terminlista:

Førde IL, langrennsgruppa

Gjer følgjande innspel pva. FIL langrenn:

Sak nr. 11. Terminliste

Samrøystes vedtak: Arne melder inn til Sogn og Fjordane Skikrins fylgjande ynskje:

- *Flytte Kalsetrennet frå 22. februar til 1. mars (dvs. at Honndalsrennet vert flytta frå 1. mars til 22. februar)*
- *SSF Cup Førde IL får status som jr + rekrutt.*

Markane IL, langrennsgruppa

Me i skigruppa har diskutert terminlista og lurar på om det er mulig å få til ei helg med stafettar på programmet?

Vi kunne kanskje hatt ei dobbelhelg, men veit av erfaring at det er vanskelig å få funksjonærer helga etter nyttår, så viss Markane skal ha dobbelt helg

denne sesongen trur eg me må bytte helg med ein annan arrangør. F.eks med Sogndal. Eller kanskje eit anna iddrettslag er interessert og vil ta det på seg?

Mvh Sigbjørn

Syrl IL, langrennsgruppa

Hei!

Vi ønskjer eit SSF karusellrenn 7. mars på Kleppa el Øvstestølen (100 meter høgare). Etter det eg kan sjå er det ein ledig dag i terminlista.

Har vore i kontakt med Kaupanger. Dei ønskjer også å spele inn ein dato, men veit ikkje om dei får gjort det før møte.

Helsing

Eivind Brendehaug

Kaupanger IL, langrennsgruppa

Hei Oddmund

Innspill terminliste langrenn:

Du kan sette opp Kaupanger IL som arrangør av SSF karusell renn tirsdag 17. mars.

Mvh

Svein Romstad

Kaupanger IL

Vedtak

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Vedtak 1) Innspel Førde IL, langrennsgruppa

Langrennskomiteen gjer vedtak om å flytte Kalsetrennet til 01. mars, og Honndalsrennet til 22. februar.

SSF Cup arrangementet i Førde IL 07. februar får ikkje status som SSF Cup rekrutt. Bakgrunn for vedtaket er knytt til komiteen sitt ynskje om å stimulere flest mogleg langrennsgrupper med arrangement med status i SSF Cupen, og dermed oppretthalde god deltaking hjå flest mogleg arrangørar.

Vidare er Førde IL tildelt SSF Cup Finale 22. mars, dette arrangementet har status både som SSF Cup rekrutt og junior.

Vedtak 2) Innspel Markane IL, langrennsgruppa

Langrennskomiteen gjer vedtak om at Markane IL avviklar Ullsrennet 10. januar (friteknikk SSF Cup rekrutt/ junior), samt krinsstafett 11. januar (K-F-F)

Hodlekverennet vert dermed flytta til 04. januar (klassisk/ SSF Cup rekrutt)

Vedtak 3) Innspel Syril IL, langrennsgruppa
Langrennskomiteen gjer vedtak om at Syril IL avviklar SSFkarusell 07. mars.
Arrangøren bestemmer stilart.

Vedtak 4) Innspel Kaupanger IL, langrennsgruppa
Langrennskomiteen gjer vedtak om at Kaupanger IL avviklar SSFkarusell
torsdag 17. mars.

Arrangøren bestemmer stilart.

Vedtak 5) Innspel langrennskomiteen
Jamfør samarbeidsavtale med SFE skal tre arrangement terminfestast med
smørhjelp. I tillegg skal ein vurdere eige smørjekurs på Skei ila. hausten
2014.

Vedtak 6) Innspel langrennskomiteen
Terminlista vert endeleg handsama i samband med Haustmøtet til
Langrennskomiteen, 29. oktober 2014.

Sak 27 13-15

Status Handlingsplan 2013-2014

Bakgrunn

Oppdatert Handlingsplan 2013-2014 er utsendt på førehand.
Leiar presenterte status for handlingsplanen 2013-2014.

Vedtak

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

Sak 28 13-15

Handlingsplan 2014-2015

Bakgrunn

Langrennskomiteen sin handlingsplan byggjer på Sogn og Fjordane Skikrins
sin Strategiplan 2013-2017.

Strategiplanen dannar såleis grunnlaget for langrennskomiteen sine årlege
handlingsplanar.

Strategiplanen har prioriterte mål innanfor kvart strategiområde, og
handlingsplanen skal ha prioriterte tiltak for å følgje opp strategiplanen sine
mål og verkemiddel.

Summen av komiteen sine årlege handlingsplanar i heile strategiperioden
skal gje skikrinsen størst mogleg grad av måloppnåelse.

Vedtak

Med bakgrunn i skikrinsen sin Strategiplan 2013-2017 samt status i arbeidet
med handlingsplan 2013-2014, får leiar og adm. sjef fullmakt til å utforme
langrennskomiteen sin handlingsplan for 2014-2015.

Framlegg til handlingsplan for perioden 2014-2015 skal leggest fram i samband med møte i langrennskomiteen 17. november 2014.

Sak 29 13-15

Markedsarbeid 2014-2015

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins Langrenn har i dag følgjande markedsavtalar;

Verksemd	Grein	Varigheit	Går ut
ByggTeam	Langrenn	2 år	2015
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	3 år	2015
G-Sport/Erdal Sport AS	Langrenn	2 år	2016
SFE	Hopp/langrenn	2 år	2016

Mange av dei viktige samarbeidsavtalane til Sogn og Fjordane Skikrins er i ferd med å nærme seg frist for reforhandling. Fram til våren 2015 må arbeidet innanfor markedsområdet difor rettast mot reforhandling av eksisterande markedsavtalar.

I første fase må følgjande verksemdar følgjast opp m.o.t. reforhandling;

- Sparebanken Sogn og Fjordane
- ByggTeam AS

Elles er samarbeidsavtalen med SFE ferdig reforhandla for 2 nye år. Denne avtalen har ein verdi på xx xxx,- i kontantstraum pr. år i avtaleperioden. I avtalen er SFE hovudsponsor for hopp- og kombinertkomiteen, samt sponsor for langrennskomiteen.

I møte 29.-30. august 2014 har Skikrinsstyret gjort vedtak om at fordelingsnøkkelen i høve samarbeidsavtalen med SFE skal vere; 70% til hopp- og kombinert og 30 %til langrenn (av kontantstraumen)

Forøvrig har Skikrinsstyret også gjort vedtak om at markedsnemnda skal gjere ei fordeling av oppfølgingsansvaret vedr. samarbeidsavtalane som skal reforhandlast i 2014/2015.

Vedtak

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

Sak 30 13-15

Rekneskap pr. 27.08.2014

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 27.08.2014 er utsendt på førehand. Adm. la fram rapporten.

Vedtak

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

Eventuelt

Sak 31 13-16

Haustmøtet 2014

Bakgrunn

Skikrinsstyret har fastsett tidspunkt for Haustmøtet 2014 til 29. oktober, møtet vert avvikla på Skei, Skei Hotell.

I samband med møtet deltek Sportssjef i NSF Åge Skinstad.

Vedtak

Langrennskomiteen gjer vedtak om at Åge Skinstad t.d. kan innleie om følgjande tema på komiteen sitt fagmøte;

- Etablering av NSF sine regionale team
- Rulleski og trafikktryggleik
- NSF sin «Kunnskapstrailer»
- Arrangement (tidsriktige- og attraktive arrangement)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skrins

Arthur Hegrenes (s)
Leiar langrennskomiteen

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 83 13-15 SFSK AK-protokoll nr. 06 13-15

PROTOKOLL NR. : 06 13-15

FRÅ : Alpinkomiteen

STAD/DATO : Skei, Skei Hotel/ 09. september 2014

TIL STADES : Lilly Schøyen, Atle Hamar, Martin Hopland og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL : Olaf Betten og Rune Espe

MERKNADER : Ingen

SAKLISTE

Sak 30 13-15	Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 05 13-15
Sak 31 13-15	Terminliste 2014-2015
Sak 32 13-15	Status Handlingsplan 2013-2014
Sak 33 13-15	Handlingsplan 2014-2015
Sak 34 13-15	Møteplan 2014-2015
Sak 35 13-15	Markedsarbeid 2014-2015
Sak 36 13-15	Status Oppdal Alpin Elite
Sak 37 13-15	Utdanning/kompetanseutvikling
Sak 38 13-15	Framtidig utvikling av toppidrettsutøvarar i Sogn og Fj.
Sak 39 13-15	Sommarskiskule Alpint 2015
Sak 40 13-15	Rekneskapsrapport pr. 27.08.2014

Eventuelt

Sak 41 13-15 **Status Fjord1 samlingar 2014-2015**

Sak 30 13-15 **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 05 13-15**
Bakgrunn
Innkalling, sakliste og protokoll nr. 05 13-15 er utsendt på førehand.

Vedtak

Alpinkomiteen godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 05 13-15.

Sak 31 13-15 **Terminliste 2014-2015**
Bakgrunn
Rammene for terminlista 2014-2015 vart lagt fram i samband med Vårmøte 2014.

Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga 01. juli, med svarfrist 01. september 2014

Pr. 01. september er det komt inn to innspel til terminlista.

Innspel nr. 1) Stryn T&IL

Stryn T&IL har i e-post komt med merknad om at Grotlirenn 11.-12. april 2015, skal gjennomførast som Super-G laurdag og utfor søndag.

Terminlista er oppdatert i høve merknaden.

Innspel nr. 2) Sogndal IL

Vi har beklagelegvis glippa litt på dato for tilbakemelding på terminlista. Styret i Sogndal IL alpin ønskjer å vere teknisk arrangør for Fjord1 samlinga 30.01 til 01.02.2015.

Vi ønskjer å legg opp til ei gjennomføring av samlinga i Rindabotn med gode opplegg for samlinga. Vidare ser vi for oss å gjennomføre eit sosialt arrangement for deltakarane på laurdag kveld.

Om ikkje vi får tildelt samlinga er det ønskjeleg for oss å arrangere eitt renn i tillegg til det som er sett opp i terminlista.

Beste helsing

Paul Olaf Baraas

Leiar

Sogndal IL alpin

Vedtak

Alpinkomiteen vedtek terminlista slik den føreligg med følgjande endringar;

- Stryn T&IL sitt arrangement i Frydenbø Cup vert flytta til 14.-15. mars 2015 (Opphavelag skulle arrangementet avviklast 24.-25. januar. Endringa er gjort etter innspel frå Martin Hopland, Stryn T&IL / AK)
- Haugen IL sitt arrangement i Frydenbø Cup vert flytta til 24.-25. januar 2015 (Opphavelag skulle arrangementet avviklast 14.-15. mars. Endringa er avklara med Haugen IL v/ Rune Espe)
- Fjord1 samlinga 30. jan.-01. feb. 2015 skal avviklast i Jølster Skisenter (Jølster IL).
- Sogndal IL får tilbod om å gjennomføre Frydenbø Cup 21.-22. mars 2015 (same helg som Telenorleikane vert avvikla i Bardu).
- Fjord1 Cupen 2015 skal leggest inn i terminlista vekedagar. Det skal gjennomførast tre arrangement i kvar sone, i tillegg til finalerennet.

- Terminlista vert endeleg handsama i samband med alpinkomiteen sitt Haustmøte 29. oktober 2014.

Sak 32 13-15

Status Handlingsplan 2013-2014

Bakgrunn

Oppdatert Handlingsplan 2013-2014 er utsendt på førehand.
Leiar presenterte status for handlingsplanen 2013-2014

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

Sak 33 13-15

Handlingsplan 2014-2015

Bakgrunn

Alpinkomiteen sin handlingsplan byggjer på Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan for perioden 2013-2017.

Strategiplanen dannar såleis grunnlaget for alpinkomiteen sine årlege handlingsplanar.

Strategiplanen har prioriterte mål innanfor kvart strategiområde, og handlingsplanen skal ha prioriterte tiltak for å følgje opp strategiplanen sine mål og verkemiddel.

Summen av komiteen sine årlege handlingsplanar i heile strategiperioden skal gje skikrinsen størst mogleg grad av måloppnåelse.

Vedtak

Med bakgrunn i skikrinsens sin Strategiplan 2013-2017 samt status i arbeidet med handlingsplan 2013-2014, får leiar og adm. sjef fullmakt til å utforme alpinkomiteen sin handlingsplan for 2014-2015.

Framlegg til handlingsplan for perioden 2014-2015 skal leggest fram i samband med neste møte i alpinkomiteen.

Sak 34 13-15

Møteplan 2014-2015

Bakgrunn

Leiar gjer saman med adm. sjef framlegg om at komiteen skal fastsette møteplan for sesongen 2014-2015.

Vedtak

Komiteen gjer vedtak om følgjande møteplan sesongen 2014-2015:

- Haustmøte; Skei Hotell, 29. oktober 2014
- Møte alpinkomiteen; Skei Hotell, 18. november 2014
- Møte alpinkomiteen; Skei Hotell, 23. februar 2015
- Møte alpinkomiteen; Skei Hotell, 16. april 2015
- Skikrinstinget og Vårsmøte; Tid og stad vert fastsett av Skikrinsstyret

Sak 35 13-15

Markedsarbeid 2014-2015

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins Alpint har i dag følgjande markedsavtalar;

Verksemd	Grein	Varigheit	Går ut
Fjord1	Alpint	2 år	2015
Frydenbø AS	Alpint	3 år	2014
Coop Vest SA	Alpint	4 år	2016

Mange av dei viktige samarbeidsavtalane til Sogn og Fjordane Skikrins Alpint er i ferd med å nærme seg frist for reforhandling. Fram til våren 2015 må arbeidet innanfor markedsområdet difor rettast mot reforhandling av eksisterande markedsavtalar.

I første fase må følgjande verksemdar følgjast opp m.o.t. reforhandling;

- Fjord1
- Frydenbø AS

Forøvrig har Skikrinsstyret også gjort vedtak om at markedsnemnda skal gjere ei fordeling av oppfølgingsansvaret vedr. samarbeidsavtalane som skal reforhandlast i 2014/2015.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

Atle Hamar (økonomi- og sponsoransvarleg) avtalar (saman med adm.) oppfølgingsmøte med Fjord1 og Frydenbø AS.

Atle Hamar skal saman med skikrinsen si markedsnemnd og adm. utvikle eit markedskonsept i høve til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Det vert kalla inn til møte i skikrinsen si markedsnemnd innan utg. av september 2014.

Sak 36 13-15

Status Oppdal Alpin Elite

Bakgrunn

Med bakgrunn i vedtak i *Sak 25 13-15* har Sogn og Fjordane Skikrins søkt om medlemskap i Oppdal Alpin Elite.

Pr.d.d. har ein ikkje fått tilbakemelding frå Oppdal Alpin Elite m.o.t. handsaminga av søknaden.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at adm. følgjer opp Oppdal Alpin Elite m.o.t. handsaming av søknaden.

Sak 37 13-15

Utdanning/kompetanseutvikling

Bakgrunn

Med bakgrunn i tidlegare drøftingar i komiteen bør arbeidet med utdanning/kompetanseutvikling i større grad prioriterast. Dette gjeld spesielt arbeidet med trenarutdanning/ trenarutvikling.

Adm. gjer difor framlegg om at det skal organiserast min. 1 stk. Trenar I kurs hausten/vinteren 2014-2015.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om å gjennomføre Trenar I kurs kommande haust/vinter. Aktuelle kurslærar er Odd Fosslund evt. Stig Aambø.

Sak 38 13-15

Framtidig utvikling av toppidrettsutøvarar i Sogn og Fj.

Bakgrunn

I samband med møte i Skikrinsstyret 29.-30. august innleia plan- og utd. leiar i Sogn og Fjordane Idrettskrins til drøfting om korleis ein kan arbeide for å legge til rette for utvikling av framtidige toppidrettsutøvarar i Sogn og Fjordane.

Breilid retta søkjelyset på korleis ein i Sogn og Fjordane kan utvikle/vidareutvikle gode modellar for styrking av toppidretten si utvikling regionalt.

Sentrale moment i Breilid si innleiing var m.a. knytt til;

- Samarbeid og arbeidsdeling regionalt
- Trenarutvikling
- Lokale kraftsenter
- Særiddrettane sine behov for fagleg støtte regionalt

Skikrinsstyret har vidare gjort vedtak om at Anders Felde saman med adm. sjef utgreier følgjande problemstillingar;

- 1) Korleis kan idretten samle seg om eit regionalt utviklingssenter i Sogn og Fjordane?
- 2) Korleis kan ski-idretten utvikle/vidareutvikle regionale kraftsenter i Sogn og Fjordane?

Utgreiinga skal vere klar seinast 15. september 2014, og skal deretter handsamast i Skikrinsstyret.

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

Sak 39 13-15

Sommarskiskule Alpint 2015

Bakgrunn

Med utgangspunkt i møte i Skikrinsstyret 29.-30. august har ein drøfta moglegheitene for at greinene i skikrinsen kan legge til rette for etablering av sommarskiskule f.o.m. 2015.

I saka har Skikrinsstyret gjort vedtak om at at greinkomiteane skal handsame saka innan utgangen av oktober 2014. Greinkomiteane skal på Skikrinsstyret sitt møte i desember gje tilbakemelding om, og korleis ein evt. kan utvikle ut eit konsept som er føremålstenleg for alle greiner.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at leiar saman med adm. utviklar ei skisse til sommarskiskule alpint 2015.

Sak 40 13-15

Rekneskapsrapport pr. 27.08.2014

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 27.08.2014 er utsendt på førehand. Adm. presenterte rapporten.

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering.
Eventuelt

Sak 41 13-15

Status Fjord1 samlingar 2014-2015

Bakgrunn

Alpinkomiteen legg i 2014 til rette for følgjande Fjord1 samlingar;

- Fjord1 Juvass, 13.-15. juni 2014. Tal delt. 14 stk
- Fjord1 Sandane, 15.-16. august 2014. Tal delt. 27 delt.
- Fjord1 Folgefonna, 29.-31. august 2014. Tal delt. 21
- Fjord1 Sogndal, 12.-13. september 2014. Tal delt. 29
- Fjord1 Hintertux, 05.-11. oktober 2014. Tal delt. 24
- Fjord1 Førde, 17.-19. oktober 2014. Tal delt. 34
- Fjord1 Hafjell, 27.-30. november 2014. Tal delt. 41
- Fjord1 Hafjell, 02.-05. januar 2015. Tal delt. 50

I tillegg vert det lagt til rette ei fleire Fjord1 samlingar vinteren 2015.

I samband med skisamlingane har ein lagt til grunn at samarbeidet med ARAN v/ Peter Lederer fortsett også denne sesongen. På barmarkssamlingane er Even Hole hovudtrenar, medan respektive lag er teknisk arrangør (Breimsbygda IL, Sogndal IL og Førde IL).

Vedtak

Alpinkomiteen tek saka til orientering.



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins, AK

Lilly Schøyen (s)
Leiar

Ref.

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 84 13-14 SFSK økonomi- og markedsnemnda protokoll nr. 02 13-15

MØTE NR.: 02 i tingperioden 2013-2015

FRÅ: Økonomi- og markedsnemnda

STAD/DATO: Førde, Idrettens Hus

TIL STADES: Reidun Hegrenes, Atle Hamar, Arthur Hegrenes og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Gunnar Fannemel

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

SAKLISTE:

Sak 06 13-15 Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 07 13-15 Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid
Sak 08 13-15 Informasjon om Team Veidekke Vest
Sak 09 13-15 Informasjon om regional satsing i alpint
Sak 10 13-15 Markedsarbeid knytta til etablering av Team Veidekke Vest og regional satsing i alpint
Sak 11 13-15 Skiing Norway

EVENTUELT

Sak 06 13-15 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste m/ vedlegg er utsendt på førehand.

Vedtak
Økonomi- og markedsnemnda godkjenner innkalling og sakliste

Sak 07 13-15 **Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid**
Bakgrunn
Sogn og Fjordane Skikrins har i dag følgjande markedsavtalar:

Verksemd	Grein	Varigheit	Årleg verdi	Går ut
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen	3 år	Kr. 100 000,-	2015
Skei Hotell (ferdig reforhandla – 1 år)	AU	1 år	Barter	2015
ByggTeam AS	Langrenn	2 år	Kr. 50 000,-	2015
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	3 år	Kr. 400 000,-	2015
G-Sport/Erdal Sport AS (ferdig reforhandla – 2 år)	Langrenn	2 år	Barter	2016
COOP Vest SA	Alpint	4 år	Kr. 50 000,-	2016
Fjord1	Alpint	3 år	Kr. 100 000,-	2015
Frydenbø AS	Alpint	3 år	Kr. 45 000,-	2014
SFE (ferdig reforhandla – 2 år)	Hopp/kombinert Langrenn	2 år	Kr. 70 000,-	2016
Skogstad (under forhandling) inkl. Skiing Norway (sølv)	AU			
Hotel Aleksandra – Skiing Norway (gull)	AU	3 år	Kr. 25 000,-	
SUM kontantstraum			Kr. 840 000,-	

Mange av dei viktige samarbeidsavtalane til Sogn og Fjordane Skikrins er i ferd med å nærme seg frist for reforhandling. Fram til våren 2015 må arbeidet innanfor markedsområdet difor rettast mot reforhandling av eksisterande markedsavtalar.

I første fase må følgjande verksemdar følgjast opp m.o.t. reforhandling;

- Sogn og Fjordane Fylkeskommune (utviklingsavtale)
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Fjord1
- Frydenbø AS
- ByggTeam AS

Elles er samarbeidsavtalen med SFE ferdig reforhandla for 2 nye år. Denne avtalen har ein verdi på kr. 70 000,- i kontantstraum pr. år i avtaleperioden. I avtalen er SFE hovudsponsor for hopp- og kombinertkomiteen, samt sponsor for langrennskomiteen.

Vedtak

Økonomi- og markedsnemnda tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om følgjande arbeidsdeling ifbm. prosessane knytt til reforhandling av dei ulike avtalane.

Verksemd	Grein	Ansv.	Frist
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen	Anders Felde og Yngve Thorsen	31.10.2014
ByggTeam AS	Langrenn	Arthur Hegrenes og Yngve Thorsen	31.10.2014
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	Sjå sak 10 13-15	
Fjord1	Alpint	Atle Hamar og Yngve Thorsen	31.10.2014
Frydenbø AS	Alpint	Atle Hamar	31.10.2014
Skogstad Sport AS	AU	Reidun Hegrenes og Yngve Thorsen	31.10.2014

Sak 08 13-15

Informasjon om Team Veidekke Vest

Bakgrunn

Leiar i langrennskomiteen, Arthur Hegrenes orienterte nemnda om arbeidet som er knytt til etablering av Team Veidekke Vest.

Seniorutøvarar i langrenn i Sogn og Fjordane, Hordaland samt Agder og Rogaland har i dag eit avgrensa tilbod frå forbundet eller respektive kretsar for å kunne satse vidare på topp-nivå etter endt vidaregåande skule. Med mindre utøvarane har eit nivå som kvalifiserar dei for junior- og seinare seniorlandslag. For mange kretsar betyr dette ein fare for at ein mistar sine beste utøvarar ved at dei sluttar eller flyttar til andre kretsar. Dette ynskjer kretsane å forhindre gjennom etablering av eit regionalt tilbod – Team Veidekke Vest.

Langrennskomiteane i Sogn og Fjordane, Hordaland samt Agder og Rogland Skikrets har difor etablert ei arbeidsgruppe som har fått i oppdrag å etablere Team Veidekke Vest. Føremålet med etableringa er å sikre eit tilbod på toppnivå til langrennsutøvarar frå nemnde kretsar.

Målet for arbeidsgruppa er å utarbeide eit grunnlag for beslutning til styringsgruppa, samt arbeide med satsinga fram til den er operativ.

Ei av dei store utfordringane til arbeidsgruppa er å utarbeide eit økonomisk grunnlag for satsinga, dvs. ein plan som inneheld ein konkret finansieringsplan, herunder finne sponsorar, og avklare kva kretsane sjølv kan bidra med av økonomiske ressursar for å utløse sentrale midlar.

Skiforbundet har på si side signalisert ei årleg økonomisk støtte til etableringa med ca. kr. 800 000 – 1 000 000,- (dette gjennom samarbeidsavtalen som skiforbundet har med Veidekke).

På den andre sida forpliktar kretsane seg til ei årleg finansiering på kr. 500 000,-. Dette kan finansierast gjennom markedsinntekter, eigendelar frå utøvarar, eigendelar frå klubb og/eller eigendelar frå krets.

Vedtak

Økonomi- og markedsnemnda tek saka til orientering.

Sak 09 13-15

Informasjon om regional satsing i alpint

Bakgrunn

Medlem i alpinkomiteen, Atle Hamar orienterte nemnda om alpinkomiteen si auka sportslege satsing i Sogn og Fjordane.

Hamar orienterte komiteen på følgjande punkt;

- Godt sportsleg nivå og breidde i U12, U14 og U16
- Manglande sportsleg tilbud for FIS-løparar i Sogn og Fjordane
- Ei styrking av alpinsporten i fylket skal vere retta mot heving av trenarkompetansen regionalt.
- Ein skal i større grad handle aktivt for å styrke alpinmiljøa, ved "tilførsel" av nødvendig trenarkompetanse
- Alpinistane i fylket skal utviklast i eige tempo, og dei skal få oppgåver dei er i stand til å løyse lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Vedtak

Økonomi- og markedsnemnda tek saka til orientering.

Sak 10 13-15

Markedsarbeid knytta til etablering av Team Veidekke Vest og regional satsing i alpint

Bakgrunn

Adm. sjef gjer framlegg om at nemnda drøftar kva strategi ein kan/ bør legge til grunn for å utarbeide eit økonomisk grunnlag for alpin- og langrennskomiteen sine sportslege planar.

Vedtak

Økonomi- og markedsnemnda gjer vedtak om at det skal utarbeidast eit prosjekt knytt til eit generalsponsorat, og at dette sponsoratet skal leggest fram for Sparebanken Sogn og Fjordane, samt Frende Forsikring.

Ein legg til grunn at dei økonomiske rammene for generalsponsoratet skal vere

kr. 500 000,- til langrennskomiteen, og kr. 350 000,- til alpinkomiteen. I tillegg skal det gjerast ei nærare vurdering m.o.t. hopp- og kombinertkomiteen sin evt. andel.

Milepælsplan – del 1

Milepæl	Oppgåve	Ansvar	Frist	Merknad
Utvikle generalsponsorat	Utvikle utkast til generalsponsorat (presentasjon m.m.)	Adm sjef.	15.10.2014	
Forankring del 1	Forankre generalsponsoratet i alpinksjefen, langrennskomiteen og hopp- og kombinertkomiteen.	LK – Arthur H. AK- Atle H. HKK – Gunnar F.	01.11.2014	Forankring i AK –ok.
Forankring del 2	Forankre generalsponsoratet i Skikrinsstyret.	Greinkomité- leiarane saman med adm. sjef	15.11.2014	
Dialog med Sparebanken Sogn og Fjordane og Frende Forsikring.	Gjennomføre «uformelle» samtalar med Sparebanken Sogn og Fjordane, samt Frende Forsikring. Målet med samtalanene er å avklare realismen i eit generalsponsorat retta mot desse verksemdene.	Inge F. Anders F. Adm. sjef	01.12.2014	Dersom signala frå Sparebanken Sogn og Fjordane og Frende Forsikring er negative, skal ein arbeide vidare med ei ordinær vidareføring av eksisterande langrennsbaserte avtale.

Milepælsplan del 2 vert utvikla i etterkant av dei ”uformelle” samtalanene med Sparebanken Sogn og Fjordane og Frende Forsikring.

Sak 11 13-15

Skiing Norway

Bakgrunn

Adm. sjef presenterte Norges Skiforbund sitt nye markedskonsept ”Skiing Norway”.

Det er elles verdt å merke seg at Hotel Alexandra har teikna avtale gjennom konseptet, og at ein er i prosess med Skogstad Sport AS.

Vedtak

Økonomi- og markedsnemnda gjer vedtak om at konseptet skal seljast inn hjå følgjande verksemdar i Sogn og Fjordane.

Verksemd	Ansvar	Frist	Stipulert salgssum
Br. Aa, Hyen (Tor Øyvind Aa)	Arthur Hegrenes	31.10.2014	Kr. 12 500,- (sølv)
Lerum AS	Atle Hamar	15.11.2014	Kr. 12 500,- (sølv)
Bolseth Glas AS	Yngve Thorsen	15.11.2014	Kr. 25 000,- (gull)
Enivest AS	Yngve Thorsen	15.11.2014	Kr. 12 500,- (sølv)

Verksemd	Ansvar	Frist	Stipulert salgssum
Toyota Førde	Arthur Hegrenes og Yngve Thorsen	01.12.2014	Kr. 12 500,- (sølv)
Berge & Co	Atle Hamar	01.12.2014	Kr. 25 000,- (gull)
PGP/Premiehuset	Reidun Hegrenes	31.10.2014	Kr. 12 500,- (sølv)
Helikopterutleige AS	Yngve Thorsen og Gunnar Fannemel	31.10.2014	Kr. 12 500,- (sølv)
Nordfjord Kjøtt AS	Inge Fænn og Yngve Thorsen	15.11.2014	Kr. 25 000,- (gull)

Evt. fordeling av markedsbeløp til greinkomiteane frå Skiing Norway skal vurderast nærare av Skikrinsstyret.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Reidun Hegrenes (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 87 13-15 Etablering av Team Veidekke Vest

INTENSJONSAVTALE mellom

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS, HORDALAND SKIKRETS og AGDER OG ROGALAND SKIKRETS.

1. Formål

Sogn og Fjordane Skikrins, Hordaland Skikrets, Agder og Rogaland Skikrets (heretter kalt Partene) har en intensjon om å inngå et samarbeid om å etablere Team Veidekke Vest.

Team Veidekke Vest er planlagt som et tilbud på toppnivå hvor Partene skal samarbeide om en felles spisset satsning for de aller beste langrennsløperne på seniornivå i de tre kretsene. Team Veidekke Vest skal utvikle løpere til landslagsnivå og være ett av Norges Skiforbund (NSF) sine viktigste rekrutteringsmiljøer, og skal utvikle trenere/støtteapparat/skiledere til et internasjonalt nivå. Teamet sine utøvere skal ha langsiktige ambisjoner om, og potensiale til, å bli OL- og VM-deltakere for Norge. På kort sikt skal ambisjonene være å prestere godt i NM, Norges Cup og Skandinavisk Cup.

Formålet med denne avtalen er grovt å skissere styringsmodell, finansieringsmodell og sportslige rammer som et beslutningsgrunnlag for Partene til å vedta at videre arbeid med etablering av teamet og utarbeidelse av en endelig Samarbeidsavtale kan fortsette. Den endelige Samarbeidsavtale skal godkjennes av NSF, og vil forplikte Partene økonomisk og juridisk.

2. Avtaleperiode

Det foreslås at Samarbeidsavtalen skal gjelde for perioden 01.05.2015 – 30.04.2017. Eventuell videreføring av avtalen skal være avklart senest 3 mnd. før avtalens utløp.

3. Organisering av Team Veidekke Vest

Team Veidekke Vest er foreslått organisatorisk underlagt Agder og Rogaland Skikrets som iht. NIFs lov § 13-2 da vil inngå alle forpliktende avtaler på vegne av teamet, herunder løperavtaler, arbeidsavtaler med trener og støtteapparat, og sponsoravtaler.

Team Veidekke Vest ledes av en styringsgruppe oppnevnt av Partene. Styringsgruppen består av:

- Leder LK Agder og Rogaland Skikrets
- Leder LK Hordaland Skikrets
- Leder LK Sogn og Fjordane Skikrins
- Representant fra administrasjonen i NSF sentralt

Styringsgruppen vil være ansvarlig for den løpende drift og økonomi for teamet. Styringsgruppen skal rapportere til Partene.

Agder og Rogaland Skikrets er foreslått som forretningsfører for teamet og vil utføre administrative tjenester etter nærmere avtale.

Trener- og støtteapparat rapporter til styringsgruppen i sportslige saker, og til Agder og Rogaland Skikrets i administrative saker.

I etableringsperioden ledes arbeidet av følgende:

- Geir Olav Håland Leder LK Agder og Rogaland Skikrets
- Ida T. Sætersdal Leder LK Hordaland Skikrets
- Arthur Hegrenes Leder LK Sogn og Fjordane Skikrins
- Representant fra adm. NSF

4. Økonomi

Team Veidekke Vest finansieres av Partene, løperne/klubbene (egenandeler), bidrag fra NSF, sponsorer m.m.

Investering fra skikretsene i sesongen 2015-2016 er som utgangspunkt foreslått til kr 10.000,- per utøver uttatt på teamet som representerer klubb i den respektive krets.

Det foreslås videre at hver av skikretsene stiller et beløp i størrelsesorden kr 30.000,- – 50.000,- som garanti for teamets drift. Dette beløpet faktureres ikke uten særskilt vedtak i styringsgruppen. Garantibeløpet er en "siste utvei". Andre aktuelle finansieringsmåter skal prioriteres.

Hver av klubbene/utøverne betaler en løperavgift for hver av sine deltakende løpere på kr 25.000,- pr. sesong.

Under forutsetning av at det via ovenstående kilder, samt sponsorinntekter skaffes minimum kr 500.000,-, vil NSF bidra med kr 800.000,- i etableringsåret. Påfølgende år er det signalisert at bidraget vil være på kr 1.000.000,- per sesong.

Det forutsettes at det ansettes en lønnet trener, i utgangspunktet i en ca 70 %- stilling. Økning i stillingsprosenten utover dette avgjøres ut i fra hvilken grad Partene kan nyttiggjøre seg av vedkommende i trener- og/eller utviklingsaktiviteter opp mot øvrige alders- /treningsgrupper i kretsene.

I etableringsfasen legges det ikke opp til avlønning av øvrig støtteapparat (smørere ol.), men det forutsettes at disse får dekket reise- og oppholdsutgifter.

I arbeidet med etableringen av teamet skal det utarbeides et budsjett for teamets første sesong. Budsjettet skal godkjennes av Partene.

Dersom det mottas momskompensasjon vedr. kostnader knyttet til teamets drift, forutsettes denne å tilfalle teamet og dermed inngå som en del av finansieringen av teamets aktiviteter.

Et evt. underskudd i driften av Team Veidekke Vest forutsettes dekket av Partene med like deler.

Et grovtkast til budsjett for sesongen 2015/2016 følger i vedlegg 1. Budsjettet tar utgangspunkt i at teamet består av 8 løpere, og at det skal gjennomføres 66 samlingsdøgn (57 overnattinger) i henhold til det sportslige opplegg som er angitt i punkt 6 nedenfor. Reise og opphold i forbindelse med renn forutsettes dekket av den enkelte løper/klubb. I budsjettet inngår et høydeopphold på 10 dager, hvor egenandelen til dekning av flyreise er satt til kr 4.000,- pr løper.

Intensjonen er å gjøre teamet mest mulig attraktivt for potensielle løpere. Dersom den økonomiske stillingen tilsier det, skal det derfor være et mål redusere egenandelene fra løperne/klubbene mest mulig. Det skal derfor ikke bygges opp kapital i teamet det enkelte år.

5. Løpere/uttakskriterier

Løperen må tilhøre et idrettslag/klubb i en av de tre kretsene. Det er ikke et krav at løperen har sitt permanente bosted i en av de tre kretsene. Det skal ikke foretas noen kvotering av løpere fra hver av kretsene.

Det forutsettes at det i samarbeid med NSF blir utarbeidet uttakskriterier som må være oppfylt for at en løper skal kunne være aktuell for uttak på teamet.

Teamet skal bestå av 8-12 løpere, både kvinner og menn. De økonomiske rammer som teamet arbeider under, vil også være førende for hvor mange løpere som teamet kan bestå av de enkelte sesonger. Om uttakskriteriene oppfylles, bør det være en kvinneandel på minimum 30 %.

Løperne i Team Veidekke Vest representerer sine respektive idrettslag/klubber. Oppføring på start- og resultatlister skjer med skiklubb/Team Veidekke Vest.

Det vil bli inngått avtaler med hver løper på Team Veidekke Vest. Løperavtalene signeres av løper og løpers idrettslag/klubb. Løperavtalen vil regulere forholdet mellom Team Veidekke Vest og løper/skiklubb mht. forpliktelser og kommersielle rettigheter.

6. Sportslig opplegg

Det vises her til eget vedlegg (Vedlegg 2) som beskriver planene for det sportslige opplegget.

Partene er opptatt av at etableringen av Team Veidekke Vest ikke fører til økt frafall blant utøvere som ikke kvalifiserer til laget. Det er derfor en intensjon at deler av det sportslige opplegget også skal inkludere alle senior-utøverne i de tre kretsene.

7. Markedsarbeid

Markedsarbeidet skal være preget av;

- identitet til regionen
- sunne verdier og holdninger
- troverdig organisasjon
- realistiske målsettinger
- ambisiøse toppidrettsutøvere
- tydelige og salgbare gjenytinger.

Det forutsettes av de kommersielle rettigheter avklares mellom NSF, teamet og de aktuelle skiklubber/løpere. Dette gjelder blant annet avklaring av hvilke sponsorer som er i motstrid med NSF's og kretsenes øvrige sponsorer, logomarkering på løpernes trenings- og konkurranseantrekk, samt øvrig profilering og logoeksponering.

En skisse for det foreløpige markedsarbeidet følger i vedlegg 3.

8. Tidsplan

Intensjonen er at arbeidet gjennomføres etter følgende tidsplan:

- 17.10: Utkast intensjonsavtale ferdig med vedlegg som grovt beskriver sportslig/marked/økonomi/ administrativt.
- 01.11: Intensjonsavtale signert av Partene
- 15.11: Konkretisering av markedsopplegg rettet mot sponsorer
- 31.12: Aktuelle sponsorer kontaktet
- 01.03: Inntektene er kontraktsfestet og utkast til budsjett for sesongen 2015/2016 utarbeidet
- 01.03: Samarbeidsavtale mellom Partene for sesongen 2015/2016 signert.
- 15.04: Trener ansatt
- 01.05: Løpere tatt ut og avtaler med disse inngått og signert

9. Avslutning

Partene forplikter seg ved undertegning av denne avtale aktivt å arbeide for, og bidra med nødvendige ressurser til at Team Veidekke Vest blir etablert og er operativt fra 01.05.2015.

Sted:

Dato:

Gardermoen 18/10-2014

Partenes underskrifter



Inge Fænn
Styrets leiar
Sogn og Fjordane Skikrins



Lars Tennebekk
Styrets leder
Hordaland Skikrets



Pål Angell Bergh
Styrets leder
Agder og Rogaland Skikrets